



# DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy kyrkjeleg fellesråd

Dato	01.09.2020
Saksnummer	26/20
Arkivnummer	120

## Høyringsvar:

### Ny forskrift om økonomiforvaltinga i sokn i Den norske kyrkja

#### Bakgrunn

Barne- og familiedepartementet har sendt ut på høyring ny forskrift om økonomiforvaltinga i sokn i Den norske kyrkja. Svarfristen er satt til 12.oktober.

Frå nyttår får vi ny trussamfunnslov og ny kyrkjeordning til erstatning for Lov om Den norske kirke (Kirkeloven) som gjeld i dag. Dette påverkar også økonomiforvaltinga.

#### Uttale frå Osterøy kyrkjeleg fellesråd (samrøystes):

Osterøy kyrkjeleg fellesråd oppfattar endringane i høyringa som mindre justeringar og tilpassingar til nye lov. Dei endringane som det kjem forslag om er både naturlege og gode.

I del 8 meiner fellesrådet at rekneskapen bør vere revidert før den blir vedteken, saman med årsberetning. Rekneskapen bør og underteiknast av administrativ leiar (fellesrådsnivå) og på soknenivå av den som økonomireglementet har bestemt skal innstille til vedtak.

*Edvin Bratli, kyrkjeverje*